



# NU-kontakt

Meldingsblad for Noregs Ungdomslag, nr 3/2009

## Denne sendinga inneheld:

- NU-kontakt
- Årsrapportskjema pr 31.12.2009
- Medlemsliste pr 1.12.2009
- Skjema for registrering av nye medlemmer
- Skjema for registrering av nye tillitsvalde i lokallaget

## Tid for årsrapportering

**2009 er straks historie, og det er tid for at alle laga i Noregs Ungdomslag skal rapporterte til sentralledet om aktiviteten i laget i 2009.**

Alle laga må sende inn årsrapport og medlemsliste pr 31.12.2009 til NU. Desse må vere underskrive av leiaren i laget evt to personar som sit i styret pr 31.12.2009. Det er viktig å merke seg at all informasjon vi ber om skal vere frå 2009.

Vedlagt NU-kontakt finn de dei skjemaene som skal fyllast ut og returnerast NU innan 15.2.2010. Årsrapporten kan også fyllast ut elektronisk. Gå inn på medlemssørvis på [www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no) for å finne dette.

I det følgjande finn de ein 1-2-3 framgangsmåte for utfylling og retur av skjemaene til NU

## 1 - Utfylling av årsrapporten

På første side skal de gie ein del opplysningar om laget og styret, samt skrive under for å stadfeste opplysningane som er gitt i skjemaet. Eit nytt felt på skjemaet i høve tidlegare år, er at de må fylle ut opplysningar om valperiode for styremedlemmene. (Dersom ein styremedlem t.d. vart valt for to år på årsmøtet i 2009, skriv de 2009-2010 i dette feltet).

På dei følgjande sidene gir de opplysningar om aktiviteten i laget i 2009. Desse opplysningane dannar grunnlaget for viktig statistikk som NU nyttar i ulike samanhengar

## 2- Kontroll av medlemsliste pr 1.12.2009

Medlemslista som ligg vedlagt, er eit oversyn over personar som er registrerte som betalende medlemmer i laget i 2009.

Gå igjennom lista og stryk dei medlemmene som ikkje har betalt kontingent til laget i 2009.

I fall det er adresser og fødselsår som er feil, må desse rettas opp.

Sjekk at alle som skal ha medlemsbladet "Ungdom" er kryssa av lengst til høgre.

Medlemer som ikkje er registrerte på medlemslista, men som likevel har betalt kontingent til laget i 2009, fører de opp på skjemaet Medlemsregistrering.

## 3 - Underskrift og retur til NU

Årsrapporten, medlemslista og skjemaet for nye medlemmer må underskrivast av leiar eller to av styremedlemene pr 31.12.2009. Det er særskilt viktig at laga er nøye på dette, sidan desse skjemaene dannar grunnlaget for kor mykje statstilskot NU får til drift og til utdeling gjennom Frifond. Dersom ikkje skjemaene har desse signaturane, får ikkje NU tilskot på bakgrunn av aktiviteten til dette laget.

Årsrapport 2009, medlemsliste 2009 og skjema for registrering av medlemmer sendast til Noregs Ungdomslag, postboks 414, sentrum, 0103 Oslo, innan 15. februar 2010. Ta kopi av årsrapporten og send til fylkeslaget.

## Spørsmål til årsrapporteringa?

Kontakt NU-kontoret,  
tlf. 24141110 eller [alf.steinar@ungdomslag.no](mailto:alf.steinar@ungdomslag.no)

## Medlemskort 2010-2011

Medlemskort blir sendt til lokallaga i mai, så framtidig laget har sendt NU signert årsrapport og medlemsliste for 2009 samt betalt medlemskontingenten for 2010.

## Nye tillitsvalde etter årsmøtet 2010?

I denne lagssendinga finn de eit eige skjema til å føre opp namn på nye styremedlemer samt andre tillitsvalde som vert valde på årsmøte i laget i 2010. Det er fint om NU sentralt og fylkeslaget får tilbake dette skjemaet så snart som råd etter årsmøtet i laget.

NU sender meir og meir informasjon ut på e-post. Difor er det viktig at alle lag melder inn e-postadresse, slik at vi når ut med informasjonen. Etter årsmøtet i laget kan de òg gjerne sende oss laget si årsmelding for 2009 og referat frå årsmøtet i 2010.

## **Pengar, pengar, pengar...**

### **Søk om momskompensasjon for 2008**

Momskompensasjonsordninga er oppretta for kompensere dei frivillige organisasjonane for meirutgiftene ein fekk som ei følge av meirverdiavgiftsreforma i 2001, og ordninga gjeld for alle ledd i organisasjonane (lokal- fylkes- og sentralledd).

NU har no fått utbetalt momskompensasjon for 2008, og lokal- og fylkeslaga har difor høve til å søkje NU om å få refundert momsutgifter på tenester for 2008.

For å kunne motta momskompensasjon må dokumentasjon på utgiftene (dvs kopi av bilag der momsutgiftene framkjem) sendast inn NU-kontoret innan 15.1.2010.

### **Momskompensasjon for 2009?**

NU sentralt blir stadig kontakta av ungdomslag som etterspør informasjon om den nye momskompensasjonsordninga, som er varsla innført frå 1. januar 2010. Kulturdepartementet har no i desember opplyst at den nye ordninga tidlegast er klar i mars 2010. Det vil med andre ord seie at vi ikkje veit noko om korleis reglane eller søknadsrutinane for den nye ordninga blir enno.

Informasjon om den nye ordninga blir sendt til laga og lagt ut på NU sine nettsider [www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no) så snart dette er klart.

### **Frifondmidlar 2010**

NU mottok frifondmidlar for vidare fordeling til lokallaga gjennom Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU). Det er no varsla at LNU vil revidere retningslinene for organisasjonane si fordeling av midlane i mars neste år, og dei nye retningslinene vil sannsynlegvis gjelde frå og med neste års tilskot.

Endringane i retningslinene vil medføre at NU, og alle andre organisasjonar som får frifondmidlar frå LNU, må sjå på sine eigne retningsliner og praksis for tildeling.

NU sine retningsliner og søknadsskjema for 2010 vil difor ikkje vere klar før tidlegast i mars neste år. Det som likevel er klart allereie no, er at søknadsfristen for laga vil bli 1. september, og ikkje 1. mai som det har vore til no.

---

Noregs Ungdomslag ønskjer alle medlemmer og tillitsvalde ei

**GOD JUL**

Takk for god innsats i 2009,  
og lukke til med planlegginga av det nye året!

## **Dette skjer 1. halvår 2010**

Nedanfor presenterast dei sentrale tilskipingane som blir gjennomført våren/sommaren 2010. Meir informasjon om dei ulike arenaene er tilgjengleg på [www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no).

### **Fagseminar, Sørmarka 19.-21. februar**

Fagseminara er ein arena i NU der medlemmer kan møtast til fagleg og sosialt samvær, fordjuping og diskusjon. Her møtes instruktørar, utøvarar, tillitsvalde og tilsette i organisasjonen.

#### **Årets tema er**

- Ny revy?
- Songdans og stordans
- Lag ei supersamling
- Brudlaup - tri heile dagar til ende

### **Instruktørkurs, Oslo 8.-11. april**

NU har lang tradisjon i å drive opplæring av instruktørar med brei kunnskap om og innsikt i aktiviteten i dei lokale laga. Det er no utvikla ein ny kursmodell for opplæring av instruktørar innan folkedans og teater, og første kurshelg blir i april.

### **Landsmøtet 2010, Oslo 24.-25. april**

Fram til 2009 har NU sentralt sitt årsmøte vore arrangert på sommaren, i tilknytning til Folkekulturfestivalen. Frå og med 2010 endrar møtet namn og tidspunkt. Frå og med 2010 blir det arrangert Landsmøte i april månad.

Set av datoen allereie no, innkalling og førebels sakliste blir sendt ut rett over jul. Dette blir ei helg fylt med landsmøtedrøftingar, sosialt og kulturelt program!

### **Sommarleir for ungdom, Bergen 27. juni – 1. juli**

NU har frå og med 2010 eit nytt tilbod til ungdomar mellom 14 og 26 år. Har de ungdomar i laget som kan tenke seg å gå på kurs innanfor teater, folkemusikk eller folkedans?

Vi tilbyr spennande kurs og eit trygt og sosialt miljø der ein kan knyte kontaktar med andre ungdomar frå heile landet. Les meir på nettsidene våre.

### **Folkedansfestivalen, Bergen 1.-4. juli**

Til sommaren arrangerer Noregs Ungdomslag sin første Folkedansfestival. Festivalen er lagt til Bergen, og er eit samarbeid med Bergen ungdomslag Ervingen. Det er lansert eigne nettsider for festivalen, der ein kan finne nærare informasjon om programmet: [www.folkedansfestivalen.no](http://www.folkedansfestivalen.no).

